

Gje lærarane tillit og arbeidsro

Skulesektoren har gått gjennom mange endringar over mange år. Ein skulle tru dette gjorde skulen vår betre, men likevel opplever me at altfor mange elevar droppar ut av vidaregåande skule. Miljøpartiet Dei Grøne (MDG) meiner det er på høg tid å lytta til lærarane, og gje dei tillit.

Dei siste 20 åra har skulen blitt pålagt fleire og fleire oppgåver utanfor klasserommet; skjema å fylla ut og rapportar å skriva. Kontrollbehovet til dei på øvste hald er litt i meste laget. Dette går sjølvsagt ut over eleven. Mange har sagt det før meg – og eg stemmer i: Læraren må få bruka tida si på oppfølging av elevane og planlegging av undervisinga så den blir best mogleg. Eg vil tru mange lærarar kjenner at arbeidsdagen deira blir detaljstyrt. Det må kjennast utmattande å ikkje bli vist tillit frå sin øvste arbeidsgjevar.

Det er også ofte utmattande, som pedagog, å sjå kva forslag og endringar som kjem frå politisk hald. Kutt i valfag, kutt i estetiske fag og karakterar i barneskulen, er nokre av forslaga som har kome. Eg kan ikkje sjå pedagogiske argument for desse forslaga. Eitt døme: Høgre har ved fleire høve vist blind tillit til ytre motivasjonsfaktorar, f.eks. karakterar i barneskulen, for at me skal oppnå betre resultat. Men gode pedagogar veit, og forskning viser, at det er ikkje den ytre motivasjonen som gjev best resultat, det er den indre motivasjonen: Nysgjerrigheit, læreglede, innsikt og meistringskjensle. Denne motivasjonen får næring av ein god relasjon mellom elev og lærar, og læraren må få tid til å bygga denne relasjonen. Mange lærarar har forsøkt å ropa om dette i årevis, men opplever i liten grad å verta høyrte. Igjen ser vi mangel på tillit til eit heilt fagfelt.

Eg er så heldig å jobba i folkehøgskulen – eit skuleslag der me lærarar har tillit, me får tid til å prioritera elevane og verkeleg jobba med faga dei skal læra. Det er ei god kjensle å ha ein viss råderett over sin eigen arbeidsdag, og dette resulterer i at me jobbar desto meir – mange kveldar og helgar går med til målretta arbeid saman med elevane. Det er langt meir meningsfylt og gjev langt betre læring å jobba med elevane, enn om eg hadde site på kontoret og skrive rapportar.

Me i MDG Kvinnherad meiner at lærarane er dei framste ekspertane på å skapa ein god skule for borna og ungdommane våre. Me har programfesta at skuletilsette skal lyttast til. Me går ikkje inn for skulesamanslåingar dei neste fire åra – det er på tide å gje lærarane arbeidsro. Dersom den nye skulebruksplanen viser behov for endringar, vil me i stor grad rådføra oss med lærarane når me skal velja standpunkt.

Eli Hårklau

Andrekandidat i MDG Kvinnherad